

# Årsmøte i Herand Vasslag

19.05.2020 kl 18

Stad: Herand Kulturhus

## Sakliste

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste**

*Vedtak: Saksliste godkjent*

### **Sak 2: Val av referent for Årsmøtet**

*Vedtak: Reidun Haugen Dalseth valt til referent*

### **Sak 3. Årsmelding**

*Vedtak: Årsmeldinga vedteken utan kommentarar*

### **Sak 4: Revidert rekneskap**

Det blei reist spørsmål og gjort greie for utgifter til konsulentar og kostnad for brønn.

*Vedtak: Revidert rekneskap vart godkjend*

Møteleiar/formann Terje Grøtt gjorde framlegg om at Sak 7: Innkomne saker blei flytta fram på grunn av at innhaldet i saka kunne påverka dei påfølgjande sakene. Dette godkjente årsmøtet.

### **Sak 7: Innkomne saker**

Det var kome inn eit spørsmål frå Gunnar Dalseth om å ta opp som sak at kommunen skal overta Herand Vassverk.

Møteleiar/formann Terje Grøtt viste til paragraf 8 i vedtekter for Herand Vasslag om kva prosess som må til for å oppløyse vasslaget.

Parthavarar til stades på årsmøtet: 33, fullmakter 6

Då det er mindre enn 50% av partshavarane til stades på møtet må 2/3 av årsmøtet stemme for at det skal innkallast til nytt ekstraordinært årsmøte for å gå vidare med saka.

Forslag frå Nils Trå: Vi må få presentert Sak 8: Kostnadsoverslag for vassinntak og reinsing - før vi stemmer om vi skal ha ekstra ordinert årsmøte eller ikkje.

*Vedtak: Forslaget om å få presentert Sak 8 fyrst blei teke til fylgje*

### **Sak 8: Kostnadsoverslag for vassinntak og reinsing.**

Styreleiar la fram eit kostnadsoverslag med pris for 2 ulike alternativ:

Investeringar:

- Alternativ 1: Inntak frå elv: 12 933 242

- Alternativ 2: Inntak frå brønn ved lausmasse: 6 349 554

Driftskostnadar pr. år:

- Alternativ 1: Inntak frå elv: 191 765
- Alternativ 2: Inntak frå lausmasse: 121 780

Det blei stilt spørsmål og halde innlegg om blant anna: dei ulike kostnadsoverslaga, prøvetaking av vasskvalitet, nye nasjonale forskrifter, problem med lekkasje og eventuell kostnad ved utbetring av infrastruktur, auka kostnad ved kommunal drift, ansvarsforhold ved privat drift og om det er realistisk å få frivillige til å ta på seg styreverv. Det kom og fram at det er ulike synspunkt om kva som er best av dei to utbyggings alternativa og at det ikkje er ferdigforhandla kor mykje av kostandane Herand Kraft vil bidra med.

Det blei sett fram ynskje om at styret på eit eventuelt ekstraordinært møte må be ein representant frå kommunen til å vera til stades for å svara på spørsmål.

Det blei så føreteke skriftleg avstemming om det skal kallast inn til ekstraordinert årsmøte eller ikkje. 30 stemte for ekstraordinert årsmøte.

*Vedtak: Styret skal kalla inn til ekstraordinært årsmøte for å avgjerda om Herand Vasslag skal driva vidare eller om ein skal søkja kommunen om overtaking av ansvaret for vassforsyning til innbyggjarane.*

Det blei fremma ynskje om at det ekstraordinære møtet blir godt kunngjort slik at alle partseigarar kan få informasjon om at saka om ei eventuell oppløysing av Herand Vasslag skal opp.

### **Sak 5: Val av formann, styremedlemmer og varamedlemmer**

Svein Samland og Bernt Helge Samland takka nei til attval. Styremedlemmer som ikkje er på val: Jon Olav Haavik og Hans Magnar Samland og Terje Grøtt. Etter forslag frå salen blei det vagt to nye styremedlemmer for to år og ny formann for ett år. Varamedlemmene sa seg villig til attval.

*Vedtak: Nye styremedlemmer er: Olav Håvik og Reidun Haugen Dalseth*

*Formann: Terje Grøtt*

*Varamedlemmer: Jan Tore Huus og Kåre Svåsand*

*Revisor: Gunn Karin Vik*

### **Sak 6: Fastsetjing av tilknytingsavgift og årsavgift**

*Vedtak: Saka vert utsett til ekstraordinært årsmøte*

Referent: Reidun Haugen Dalseth